

Fra: Else-Marie Brobakke Aarø (Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no)
Sendt: 06.05.2014 13:35:51
Til: asgeir.olsen@bergen.kommune.no
Kopi: Linda.Guttormsen@bergen.kommune.no; Anne Mette Nesje Porten

Emne: Midlar til nærmiljøprosjektet 2014 - førebels tildeling

Vedlegg:

Til

Christi Krybbe skoler v/ SFO- leder Asgeir Olsen

Midlar til nærmiljøprosjektet 2014 – førebels tildeling

Syner til orientering om tidsplan for tildeling av midlar til dei ulike prosjekta på samlinga ved Høgskulen i Bergen den 03.04.14.

Etter Hordaland fylkeskommune sin tidsplan skulle vi sende endelig tilskotsbrev i slutten av april/byrjinga av mai 2014. Nokre av prosjektskissene må reviderast litt og vil ikkje vere ferdige før i slutten av mai. Derfor vil vi ikkje få sendt endeleg brev om tildeling til skulane før i første del av juni etter at innstillinga er godkjent av Helsedirektoratet.

Vi har likevel gjort ei førebels tildeling slik at dei ulike skulane har ei ramme for vidareutvikling av prosjekta sine.

SFO-prosjektet ved Christi Krybbe skoler får tildelt kr 65 000. Dette med atterhald om endeleg godkjenning frå Helsedirektoratet.

Vi ber også om at dei ulike skulane sender oss eit power-point bilde med kort presentasjon av eige prosjekt. Dette skal vi nytte på statussamling i Bodø den 02. og 3. juni i møte med Helsedirektoratet. Vi håper de har anledning til dette, då vi gjerne vil bruke kommunane sin logo for denne korte prosjektpresentasjonen, samt få fram det som de ønskjer å legge vekt på.

Vi ønskjer lukke til vidare med godt prosjektarbeid, og ser fram til å få sjå resultatet av dei endelege prosjekta. Ved spørsmål ta gjerne kontakt med Else-Marie Brobakke Aarø; else-marie.aaro@hfk.no eller Anne Mette Nesje Porten; anne.mette.nesje.porten@hfk.no

Med venleg helsing

Else-Marie Aarø
Spesialrådgjevar
Regionalavdelinga | Utviklingsseksjonen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Tlf: 55 37 80 29// www.hordaland.no
Else-marie.aaro@hfk.no

Kopi: Bergen kommune ved Linda Guttormsen